

Plan for arbeid med ungdom våren 2017

I arbeidet framover skal det planleggast i samråd med ungdommane, men dette er ei mellombels arbeidsskisse. Kultur- og ungdomskonsulenten har ei 70 % stilling. Arbeidet med å kartleggja behov, ønskje og engasjement vil ha høg prioritering i den aller fyste perioden. Når innspela frå ungdommen vært synlege er det viktig at det kjem raskt i gang slik at engasjementet blir tatt vare på og inspirerer andre grupper til å delta.

Ungdomsråd:

Koordinator for ungdomsrådet. Legga til rette for møter og opp melding av saker. Ha ein opplærande funksjon i politisk arbeid. Væra kommunal pådrivar for å finne saker som dei skal uttale seg om. Hjelp til med val og rekruttering av nye medlemmer og opplæring av desse. Hjelp til med informasjonsarbeid kring oppgåva og bidra til å betre og utvikle rådets funksjon.

UKM:

Meland kommune sin kontakt i alt med UKM og gjennomføring av arrangement.

Aktivitatar i skuleferiar – i samarbeid med Meland frivilligsentral

Vinterferie: aktivitet 4 dagar i vinterferien (Open-hall 2 dagar, ski buss og ADO-tur)

Påskeferie: aktivitet 3 dagar?

Sommarferie: Eit mellombels forslag er ei veke med «øya» der ungdommen kan komme til «Speiderøya» i Storavatnet og overnatte. Stikkord er leikar og sosialt samvære. Noko dagar frå 13 – 15 og ei gruppe frå 15 – 18? Sjekke om det er interesse for dette? Søke midlar om den ungdommens aktivitetsveke. Anna kan være tur til havsportsveka? Leirskule med NH.RK/Turlaget/Speidaren?

Haust og juleferie vert arbeida med etter evaluering av tilbodet på vår/sommar.

Etablera møtestad for ungdom: «Hengeplassen»:

Søke midlar (Bufdir) og etablere møtestaden «hengeplassen» 1-2 dagar i veka i tilgjengelig lokale. Livssynsnytralt og sentralt på Frekhaug. Eventuelt opne i april. Opningstider må fastsetjast seinare.

- Spille, prate, «henge», lage planer, bli sett og hørt, lese, trene m.m.
- Få i gang en treningsgruppe som kan ha startpunkt på «hengestedet» - tur eller jogging.
- For eksempel ha Yoga undervisning på «hentestedet» utanom opningstid?
- Ha eigen dyrkingsplass?

Rekruttering av frivillige:

Rekruttering av frivillige, intervju, godkjenning og opplæring. Organisering. Vidare vei leiding og kompetanseutvikling. Stille på foreldremøte på skulane til hausten. Også i gruppa i 7 kl.

Enkeltstående arrangement:

Sosiale arrangement som f. eks konsert, ute-kino, nattcup eller liknande.

Etablere særgrupper:

Rekruttere i møter med ungdom i skulen for å finne personer som vil jobbe i en bestemt gruppe. F. eks: Trening, data, arrangement, dataspel, hav, natur & miljø, foto og media, dans m.m. Hjelp til med organisering og eventuelle søknader om støtte.

Møter med skuleleiinga, sosial lærer m.m.:

Møter på rektormøte 19.01.17 og planegg møter i skulekrinsane etter det. Tenkjer møte med rektor, sosiallærer og leiar FAU. Vil gjerne være invitert inn i kjernegruppa som skulane har med politi og kommune.

Medlem i knutepunktsgruppa med hensyn til fattigdomsmidlar:

Jobbe tett opp mot knutepunktsgruppa, komme med uttale om prioritering av søknader og bidra til at tiltaka når den ønska målgruppa.

Etablere samarbeid med Meland Aktiv:

Møte med Trond Egil Soltvedt tysdag 10.01.2017

- Korleis kan vi få til open hall i feriar?
- Kva kostar ei hoppemadrass?
- Kan vi «dele» på dei frivillige frå Kvernbit ved slik arrangement?

Samarbeid med lag og organisasjonar:

Ungdomslag, grende- og Vellag og andre som har eit ungdomsarbeid. Ta kontakt og høyre om vi kan få noko til i lag og kva som trengs. Lekselesing og bruk av lagshus til å samle ungdom på ettermiddagane?

Synleghet og informasjon:

Bidra til å samle informasjon om ulike tilbod til ungdom i Meland. Etablere ei FB-side som kommuniserer til ungdommane om arrangement: Vi treng ei side som er effektivt når ut til alle ungdommane. Ungdommen skal bli meir synlege i kommunen og alle tilbodet skal være godt kommunisert. Etablere ei kommunikasjonsgruppe?

Søknader om pengar til ungdomsaktivitetar:

Finne ut kor vi kan søke pengar til faste og enkelståande arrangement frå mellom anna:

- Gjensidige (desember)
- Hordaland fylkeskommune
- Meland kommune
- Frifondsmidlar gjennom organisasjonen Ungdom og Fritid
- Ikea-fond
- Finn-fond